



Saksframlegg

Sakshandsamar:	Dag Botnen, brannsjef	Arkivkode:	021
Arkivsaknr:	Repr 23/004	Dato:	13.05.2023

Sakshandsamingsorgan:

Styret for Haugaland brann og redning iks	30.03.2023	tilråding
Representantskapet for Haugaland brann og redning iks	15.05.2023	vedtak

Revidert budsjett for 2023

HANDSAMING:

Tilråding frå brannsjef

- Representantskapet for Haugaland brann og redning iks vedtek budsjett for 2023 slik det er framlagt.
- Styret ber representantskapet om at vedtak i budsjett for 2024 legg opp til at det er eit samsvar mellom dei kostnadane som selskapet har og dei vedtak som vert gjort inn mot dimensjonering og organisering av selskapet.

Sakshandsaming i styret 30.03.2023

Saksvedlegg vart gjennomgått og det bør brukast tida fram til representantskapsmøte for å visualisere og presentere tal i vedlegg 1 på ein god måte.

Punkt 2 går ut då dette punktet høyrer til sak om revidert økonomi- og handlingsplan.

Framlegg til vedtak ble samrøystes vedtatt.

Tilråding frå styret for Haugaland brann og redning iks

- Representantskapet for Haugaland brann og redning iks vedtek budsjett for 2023 slik det er framlagt.

SAKSOPPLYSNINGAR:

GENERELT

Det vert vist til sak 22/020 i representantskapet 23.11.2022 der framlagt budsjett ut frå rammestyling vart vedteke, men med følgjande tillegg:

- Kostnadar tilsvarande 2 803 521¹ vert reversert og sett av som ein reserve. Bruk av reserven skal leggjast fram for vedtak i representantskapet. Det er i handsaminga lagt vekt på at selskapet skal gjere innsparingar tilsvarande dette beløp.*
- Auke i økonomiplan for perioden 2023-2026 strider med forventningane frå eigarane. Det er eit krav om 1 % reduksjon i åra framover, noko som skal leggjast til grunn for arbeidet med budsjett og økonomiplan for 2024-2027. Det skal derfor leggjast fram ein revidert økonomiplan for 2023-2026 som eit forarbeid for neste års plan.*

Med dette som utgangspunkt er det gjennomført eit arbeid med revidert budsjett for 2023 som igjen dannar grunnlaget for ein revidert økonomiplan for 2023-2026. Det er valt å leggja fram dette som to separate saker:

¹ Kostnaden er knytta til renter og avdrag for lån, men vart ikkje lagt fram ved utsending av saka, men retta opp før handsaming i representantskapet.

Sak 23/011: revidert budsjett 2023

Sak 23/012: revidert økonomi- og handlingsplan 2023-2026

Revidert budsjett er nødvendig av fleire grunnar. Krav frå eigarane er rammestyrt der det i budsjett er forventa innsparing tilsvarande 1 % kvart år gjennom synergjar som følgje av samarbeid. Vidare skal auke i diverse kostnader dekkast av den same ramma. Til sist er det usikkerheit rundt dei reelle kostnadane for uttrede av kommunane Suldal og Etne.

Ser me til rekneskap for 2022, viser dette eit stort avvik frå budsjett og faktisk kostnad.

Haugaland brann og redning iks har derfor brote ned budsjettet konto for konto og re-etablert eit budsjett som gjenspeilar det som HBR har av reelle kostnader. Ut frå dette budsjettet er det gjennomført nødvendige tiltak for å sikre at budsjettet går i balanse for 2023.

METODE:

For å få ein oversikt over våre kostnader har me sett på kva løns- og driftskostnader som er i selskapet der det er gjort analyse av samtlege kontoar. På løn er kostnadane lagt inn i ei matrise som skil variabel og fast løn. For fast løn er det berre kommande lønsoppgjer som medfører ein usikkerheit. Variabel løn er med utgangspunkt i erfaringstal, men likevel brote ned til kvar einskild tilsett for å få ein høg treffsikkerheit.

På driftspostar er det gjort tilsvarande analyse og me har oversikt over kostnader heilt ned på kva ein terminal eller eit abonnement kostar per tilsett. Også driftspostar er i hovudsak faste kostnader, men det vil vera mogleg å gjera nokre tiltak innanfor kompetanse, leasing av køyretøy, vedlikehald av køyretøy med meir.

Denne måten å bryte ned budsjettet på, gjer til at me får ein annan fordeling av kontoane for 2023 enn det som er budsjett i dag. Det er også eit avvik på budsjett som er framlagt og budsjett som vert eit resultat av denne øvinga.

Det har vore viktig å finne ut kvifor det er avvik. Etter at avviket er kartlagt, er øvinga å gjere nødvendige tiltak for å ha ei drift som innfrir krav og forventningar til budsjett som eigarane set. Det er også ei plikt å melde attende dei konsekvensar som eit redusert budsjett gir oss.

I prioriteringane som er gjort, har dagleg leiar lagt følgjande føringar til leiinga i arbeidet med kuttforslag:

1. Det skal vera ein reduksjon ut frå dei moglegheitene som er utan at me skal «markere» oss på dei mest sårbare tenesteområda. Prioriteringane som skal søkast skal vera dei som gjer «minst skade».
2. Det skal reduserast i drift der dette i størst mogleg grad ikkje går utover tenesteleveransen på primæroppgåvene.²
3. Vakante stillingar skal framleis vera vakante og oppgåver skal fordelast på nytt (dette var eit tiltak ut frå uttrede av Etne og Suldal iverksett i 2022).
4. Kompetanse skal oppretthaldast på ein slik måte at etterslep ikkje bygger seg opp att.²
5. Investeringar skal ikkje gjennomførast.
6. Det skal ikkje leggjast ned stasjonar eller seiast opp tilsette utan at konsekvensar er drøfta med eigarane.

Prioriteringane er dramatiske, men nødvendige for å nå budsjettmål.

Framlagte kutt og prioriteringar er drøfta med tillitsvalte.

UTTREDEN SULDAL OG ETNE:

Det er av dagleg leiar signalisert at det ikkje vil påverke selskapet negativt økonomisk når Suldal og Etne går ut av HBR iks. Desse kommunane har høgare kostnader enn snittet innanfor beredskap som følgje av 5 stasjonar med mannskap. Samstundes mister selskapet gevinst i fellesløysingar/-kostnader innanfor system, administrasjon, førebyggjande stillingar, leing med meir.

² Tilbakemelding frå beredskap er at dette ikkje kan gjennomførast utan auka etterslep. Føringa er likevel gjeldande og det skal prioriterast og planleggast med dette som utgangspunkt. Dette må evaluerast midtveis i 2023.

I budsjettprosessen fekk HBR føringar frå eigarkommunane om at tilskotet i 2023 skulle bereknast ut frå tilskotet i HBR i 2022 med fråtrekk av andelen av historiske kostnadene Etne og Suldal hadde med seg inn i selskapet (2017). Denne metoden gjer til at Suldal og Etne sin uttreden har ein effekt på 15,9 %.

Reelt er effekten ut frå faktiske kostnadar nær den gjeldande fordelingsnøkkelen.


Med å fastsette ein effekt på 15,9 % tilsvarar dette eit ytterlegare nedtrekk på 2 634 000 utover det som er den faktiske effekten av Suldal og Etne sin uttreden.

Sjå vedlegg 1.

Hadde fellesutgifter (løn for brannsjef, avdelingsleiarar m.m.) kunne trekkast ut av reknestykket ville det vore ein høgare innsparing, men dette er sjølvstakt ikkje mogleg og i staden må felleskostnadar fordelast på færre eigarar. Her vert det ein tap-tap-situasjon i all den tid det må etablerast stillingar i nye kommunale brann- og redningsvesen samstundes som stillingane også må vera i selskapet.³

KOSTNADAR OG FORDELING:

Før det vert lagt fram forslag til tiltak, må det kartleggast kor tiltak er mogleg. Til denne analysa vert det teke utgangspunkt i rekneskap for 2022.



Under føresetnad av at me ikkje skal bygge ned selskapet med redusert beredskap og/eller reduserte stillingar (utover det som er ein konsekvens av uttreden), er handlingsrommet skissert som vist.

For overtid, sjå vedlegg 4.

³ Det var er ein viktig gevinst i å etablere felles brannvesen i å unngå leiarstillingar i alle kommunane.

TILTAK:

For å få eit handlingsrom (tidsmessig) er det i revidert budsjett valt å «fryse» vår aktivitet eit år.

For 2023 vert det ikkje gjennomført tiltak som medfører oppseiingar av stillingar/funksjonar eller nedlegging av stasjonar. Unntak er tiltak som ein konsekvens av redusert dimensjoneringsgrunnlag som følgje av uttrede.

Tiltak rettar seg mot drift. Tiltaka kan ikkje fortsetje inn i 2024 då det ikkje er midlar til å drifte selskapet forsvarleg med eit så omfattande nedtrekk. Løysinga som er skissert gjer det mogleg for selskapet å ha ein styrt avvikling og nedbygging av beredskap inn mot 2024 om eigarane ut frå sin økonomiske situasjon ber selskapet om dette.

Følgjande tiltak vert lagt fram for å gjennomføre ei drift i 2023 som sikrar at selskapet kjem i rekneskapsmessig balanse:

Tiltak 2023
All aktivitet som ikkje er lovmessig pålagt vert sett på vent.
Alle innkjøp, vedlikehald og service som ikkje er strengt tatt nødvendige, vert utsett.
Investeringar skal utsetjast (reduksjon i renter og avdrag).
Kompetansehevande tiltak vert utsett. Kompetansehevande tiltak som er starta i 2022 skal sluttførast.
Det skal gjennomførast så lite arbeid som mogleg som krev overtid. ⁴
Vakante stillingar skal ikkje tilsetjast. Kjem det ny vakanse, skal heller ikkje desse tilsettast, men oppgåver skal fordelast i organisasjonen ut frå prioriteringar av oppgåver samla sett.
Alt utstyr, materiell og køyretøy som ikkje er strengt tatt nødvendig for drifta skal seljast eller avhendast for å redusere driftskostnadar.
Det vert iverksett tiltak for å auke inntektssida. Det skal vurderast sal av tenester, me effekt av dette vil ikkje kome i særleg grad for 2023.

Dersom det skal gjennomførast tiltak som følgje av reversering av 2,81'', vil ikkje tiltaket vera mogleg for 2023 då dette må gjennomførast gjennom oppseiingar og/eller nedlegging av stasjonar. Før denne prosessen startar må me derfor vera sikre på at det er dette som er føringa frå eigarane.

ØKONOMI:

Rekneskapet for 2022, gjennomgang av faktiske kostnadar og krav sett av eigarane, viser at selskapet må gjennomføre drastiske tiltak for å nå budsjettmål for 2023.

Budsjett for 2022 og 2023 er ikkje i samsvar med dei reelle kostnadane me har ut frå gjeldande krav.

I vedlegg 2 er nytt budsjett lagt fram med utgangspunkt i faktisk løn. Eigarane forventar ein effekt i 2023 på 12,35 %. Med utgangspunkt i eksisterande dimensjonering og derav løn, vil reell effekt vera 7,5 % sett opp mot rekneskap 2022.

For å må budsjettbalanse er det derfor gjort tiltak som i stor grad går ut over drift, tiltak som ikkje er bærekraftige over tid.

EFFEKT AV BEREDSKAPSANALYSE:

Effekt av beredskapsanalyse er for budsjettåret 2023 liten i all den tid at endring skjer over tid. Sjå sak 23/023 – beredskapsanalyse trinn 2.

⁴ Alle utrykningar er overtid. All aktivitet mot mannskap (øvingar, møter m.m.) skjer på kveld og helg og gir overtid for instruktørar som har fast arbeid i selskapet.

VURDERINGAR:

INNLEIING:

Haugaland brann og redning iks var ei satsing på Haugalandet der selskapet vart etablert i 2018 med formål om å ivareta pliktene eigarane hadde for innfri krav gjennom lov og forskrift. Dette ville vera best å løyse i saman framfor kvar for seg. I rapport av 2015 er det peika på at kommunane kvar for seg vil ha større utfordringar med å møte framtidige krav, enn det som ein kan få til saman. Det skulle også på sikt vera ein rimelegare løysing samanlikna med om kvar kommune sjølv skulle ha løyst sine plikter.

Det er skjedd mykje med selskapet etter etablering. Eigarar har tredd ut før oppstart og etter oppstart. Føresetnadar for selskapet er ikkje endra, men likevel ikkje klart. Revidert selskapsavtale vert ikkje vedteke som følgje av usikkerheit om framtida. Vidare skapar dette i seg sjølv usikkerheit om den same framtida.

Føresetnad rundt økonomi er endra frå det som er omtala i rapport av 2015 til det at selskapet skal ha ein rimelegare drift enn før. Nye kostnader som sentrale lønstillegg, husleige, nødnett skal dekkast inn gjennom ramma samt at ramma skal reduserast årleg med 1 %.

Endringane kjem som ein konsekvens av den økonomiske situasjonen eigarane står i der alle einingar i kommunane må redusere sin aktivitet.


Handlingsrommet for eit brann- og redningsvesen er lite med tanke på innsparingar i all den tid dei fleste oppgåvene er knytt opp mot krav i lov og forskrift.

ØKONOMISK SITUASJON:


Rekneskapet 2022 viser eit meirforbruk på kr 5 264 728,-. Sjølv om dette kan forklarast, er dette eit meirforbruk som må handterast for å nå budsjettmål for 2023 og tiltak må setjast i verk.

I tillegg er det eit krav om årleg nedtrekk i budsjettet på 1 % (rammestyring) gjer til at selskapet må finne inndekning for i underkant av 1'' per år.

Det er ikkje sagt noko om varigheit av dette kravet i rammestyringa, men nedtrekket tilsvarar ein stilling per år.



Det er også krav at auka husleige skal dekkast inn gjennom eksisterande ramme, både det som gjeld oppgradering av stasjonar og ny hovudstasjon.



Grafen illustrerer gap mellom faktiske husleiekostnader som følge av AT sine pålegg og vedtatt bygging av Raglamyr og Veia mot eigarane sitt krav på 1 % reduksjon i ramma kvar år framover.

Om rammestyring ikkje vert endra, vil ikkje inndekning kunne løysast utan reduksjon i aktivitet/beredskap eller reduksjon i stillingar.

Nye tiltak skal også dekkast inn over ramma. Det er spesielt to store kostnader som er utanfor vår påverknad:

1. oppdragshandteringsverktøy/nødnett 1 400 000,-
2. sentral forbundsvis særavtale, «fritidsvakt» 2 400 000,-

Til sist må selskapet ta innover seg at deflator⁵ er 2 % høgare enn budsjettert, noko som også skal dekkast inn gjennom ramma.

I takt med auka kostnader som for brannstasjonar og løn, har eigarane likevel ei forventning om 1 % innsparing. Gap mellom faktisk driftsbehov og tilskot frå eigarane aukar og drastiske tiltak må til for å koma i budsjettbalanse.

I revidert budsjett 2023 ligg det frå selskapets side ein føresetnad om følgjande:

- lov til å bruka avsetning på kr 2 803 521 (sjå vedlegg 3) og
- låneavtala må på plass og udekkta investeringsbeløp frå 2022 vert dekkast inn med lån eller eigarkommunane overtek sin del av lån som høyrer saman med «etterslep» før ein gjekk inn i selskapet.

Dersom desse føresetnadene ikkje blir ein realitet må selskapet få klare attendemelding frå eigarane om det er forstått og ein føring om at det er oppseiingar, nedlegging av stasjonar og nedlegging av tenestetilbod som er vidare tiltak.

SAMANLIKNING AV EPLER:

Det er i fleire samanhengar i arbeidet med etablering av selskapet dratt fram at det må samanliknast «eple med eple». Det vert frå eigarane sett krav om at det vera ein økonomisk gevinst av å samarbeide om eit felles brann- og redningsvesen.

Kostnadane kjem og kan ikkje veljast vekk. Det er viktig å samanlikne kostnader opp mot det å stå åleine med dagens kostnad samanlikna med å samarbeide. Å samanlikne dagens kostnadsbilete opp mot kva det kosta før etablering av HBR er ikkje samanliknbart då føresetnadane ikkje er dei same.

Selskapet vart etablert for å gjennomføre dei tiltak som var nødvendig for å innfri krav sett i lov og forskrift. I forarbeidet var det aldri sagt at dette ikkje skulle ha ein kostnad, tvert imot. Men kostnaden skulle reduserast gjennom eit samarbeid.

Dersom det skal byggast brannstasjonar, etablerast ein hovudstasjon, etablerast heiltidsbrannvesen på Veia, gjennomføre nødvendige kompetansehevande tiltak med meir utan at dette skal koste noko, men tvert i mot, ramma skal reduserast kvar år, då har me ei særdeles vanskeleg oppgåve framfor oss.

RISIKOVURDERING:

1. Reversering/manglande utvikling

Tiltak som må gjennomførast medfører ingen organisatorisk eller teknisk utvikling av selskapet. Etterslep som er henta inn på kompetanse vil bygga seg opp att og fagleg utvikling må setjast på vent. Investeringsmidlar som er løyvd for å skifte ut gamle køyretøy vert sett på vent og driftssikkerheit vert redusert og driftskostnad aukar.

Utskiftning av utstyr/materiell vert redusert og kan medføre lågare driftssikkerheit samt eksisterande tenestetilbod ikkje kan oppretthaldast på alle stasjonane.

Dei suksesskriteriene som selskapet har scora høgt på, vert fjerna og det vil ikkje vera incentiv for tilsette å vera ein del av Haugaland brann og redning iks om dette vedvarer.

⁵ Deflator = løns- og prisvekst.

2. Uro i organisasjonen

Det er etter fleire år med uro i organisasjonen teikn som tyder på at me er på rett veg, ref. arbeidsmiljøundersøking. Tiltak som skissert vil utfordre dette. Er konsekvensen at me må starte prosessen med å redusere beredskapsnivået, vil det ut frå tidlegare erfaring, starte prosessar internt i kommunane som vil vera vanskeleg å kontrollere. Me treng ro og stabilitet for å innfri mandat etter selskapsavtale.

3. Usikkerheit

Usikkerheit kan medføre at selskapet mister viktige og kompetente tilsetteressursar. Usikkerheit i leiargruppa er spesielt stor samtidig som arbeidsbelastninga er for enkelte for stor ut frå at oppgåver må løysast som følgje av vakanse. Konsekvensar av dette att kan medføre auke i bruk av overtid, sjukemeldingar med meir.

4. Konsekvens av punkt 1-3

Etter ein turbulent oppstart er behovet for ro og stabilitet i organisasjonen stor. Me har ein arbeidsmiljøundersøking som viser at me no har eit godt arbeidsmiljø, og det som me må ha i vegen vidare er forutsigbarheit. Tiltak som me no gjennomfører, bidrar ikkje til dette. Det vil også vera ein utfordring om me skal starte ein prosess med nedbygging av beredskap gjennom oppseiingar, fjerning av funksjonar med meir. Ein konsekvens kan fort vera at selskapet ikkje har nok robustheit til å stå i eit slik løp.

KONSEKVENNS:

Dersom eigarane held på gjeldande prinsipp for rammestyring der:

- auke i husleige og kostnadar rundt bygging av stasjonar og
- sentral lønsvekst og statlege krav

skal dekkast gjennom driftsmidlar, då er det ikkje mogleg å levere dei lovpålagte tenestene i tråd med formål i brann- og eksplosjonsvernloven og selskapsavtala.

Tiltak gjennomført for 2023 medfører at det ikkje vert aktivitet i selskapet utover det som er strengt tatt nødvendig. Vidare vil det innanfor kompetanse verta eit etterslep som må hentast inn att seinare år.

Selskapet skal søke effektiviseringstiltak gjennom samarbeidsmodellen og skal hente ut synergjar på gjennom stordrift. Styret og administrasjonen plikter å følgje opp eigarane gjennom gjeldande styringsdokument. Per i dag har ikkje selskapet fått reviderte styringsdokument og gjeldande selskapsavtale må sjåast på som gjeldande.

Haugesund, 26.03.2023

Dag Botnen
brannsjef

Vedlegg: Vedlegg 1 – utrekning av effekt
 Vedlegg 2 – revidert budsjett 2023
 Vedlegg 3 – søknad om bruk av avsette midlar
 Vedlegg 4 – oversikt overtid

VEDLEGG 1 – REELL EFFEKT AV UTTREDEN

Løn 2022 ekskl. sjølvkostområde, inkl. sos. utg

Total løn 2022 ekskl. sjølvkost	76 879 819
Løn inkl. faste stillingar eks felleskost	56 642 203
Lønsmkostnadar fakturert frå E (1.4-31.12)	3 302 616
Løn konstablar HBR 2022	59 642 203
ES sine økonomiske plikter for konstablar ut frå fordelingsnøkkel (13,11%)	7 819 093
HBR sine totale felles lønsmkostnadar ekskl. stasjonar og sjølvkost	17 237 616
ES sine økonomiske plikter av felleskostnadar (13,11 %)	2 259 851
ES sine økonomiske plikter lønn ut frå fordelingsnøkkel (13,11 %)	10 078 944
ES sine faktiske utgifter på beredskap ved sine 5 stasjoner	9 650 103
ES sitt faktiske bidrag til felleskostnadar	428 841
Forventa reduksjon løn budsjett ved ES uttreden 15,90 %	12 223 891

Oppsummert

- Ut frå ES totale lønsplikter frå 2022 og etter fordelingsnøkkel er ES sine plikter kr 10 078 944. Ved å nytta 15,90 % (heilårseffekt) vert det trukke ut kr 2 144 947 meir enn det som faktisk er det reelle kostnadsbiletet.
- Isolert sett dekker HBR/øvrige eigarar ES sine kostnader for fellesutgifter.

Effekten tilsvarar eigarandelen på ± 13,1 % og ikkje 12,35 (2023) og 15,9 (2024) %.

Drift 2022

I motsetning til løn kor me har eksakte tal, er det meir utfordrande for drift å rekne ut effekt av uttreden. Også her er det fellesutgifter som ikkje vert påverka av uttreden som:

- Kjøp av system og administrative tenester.
- Eksterne tenester som bedriftshelseteneste, revisjon, ikt, telefoni m.m.
- Drift av ressursstasjonar, service på fellesanlegg m.m.

Dette er ein tap-tap-situasjon i all den tid uttredande kommunar må etablere dei tenestene som var felles i selskapet. Ut frå rekneskapet 2022 er det gjort følgjande vurdering av effekt:

Konto	Driftsposter	Rekneskap	Effekt	Sum	txt
11000:11999	kontor, forbruk, matvarer	491 853	10 %	49 185	Fellesutgifter
11200:11299	driftsutgifter	1 725 168	10 %	172 517	Fellesutgifter
11300:11499	Ikt, data, telefoni	568 653	5 %	28 433	Fellesutgifter
11500:11599	Kompetansetiltak	1 890 699	13,1 %	247 682	Beredskap
11700:11799	Drift og vedlikehald, avgifter	3 236 772	11 %	356 045	Fellesutgifter
11800:11949	Husleige, forsikring, straum	7 999 075	19,5 %	1 559 820	5 stasjonar/eksakt tal
11950:11999	Nødnett, lisensar	3 757 788	15,9 %	597 488	Innbyggartal/tilsette
12200:12699	Leasing, utstyr, service	2 088 543	8 %	167 083	Fellesutgifter
12700:12999	Kjøp av tj.	1 870 224	13,1 %	244 999	Fellesutgifter
13500:13500	Kjøp av kommunar	2 751 323 ⁶	10 %	275 132	Fellesutgifter
13700:13700	Kjøp av kommunar (110)	3 530 255	15,9 %	561 311	Innbyggartal
Sum		29 910 353	14,2 %	4 259 695	

⁶ Trekt ut løn Etne som er fakturert på denne konto. Denne konto må også reduserast uavhengig av uttreden.

Også her er effekten mindre enn det som eigarkommunane legg opp til. Ettersom drift er ein liten del av det totale kostnadsbilete, vil ikkje effekten samla sett verta påverka i like stor grad.

Inntekt 2022 ekskl. sjølvkostområde

Dei inntekter som HBR har utover sjølvkostområdet er i hovudsak knytta opp automatiske brannalarmer (abonnement + fakturering for unødige utrykningar).

Det er mogleg å gjennomføre eit manuelt arbeid for å kartlegge kundar og kundegruppe, og på denne måten rekne ut Suldal og Etne sin reelle andel av inntekter.

I dette estimatet er det teke utgangspunkt i utrykningar til automatiske alarmer i perioden 2020-2022 (3 år). Ut frå volumet vil estimatet av kundar/utrykningar gje eit forholdstal som vil samsvare med reelle tal.

Inntekt 2022:	5 767 158	
Tal utrykningar til automatiske brannalarmer	635	100 %
Utrykningar i Etne og Suldal	47	7,4 %
Det er lagt føringar for at HBR hadde ei inntekt frå ES på	916 978	15,9 %
Reelt er inntekta	426 770	7,4 %

Oppsummert

Den reelle effekten av uttreten er etter dette:

Område	Effekt utover 13,1 % (fordelingsnøkkel)	Resultat
Løn	0 %	0
Drift	1,1 %	329 014
Inntekt	-5,7 %	-328 728
Sum	-	286

Dette samsvarar med dei signal (hypotese) som vart gjeve i samband med ES sin uttreten.

Forventning til eigarane er at effekten skal vera 15,9 %.

Reelt er effekten nær eksisterande fordelingsnøkkel, 13,1 %.

Med utgangspunkt i driftstilskot for 2022, vert differansen mellom føring og reell effekt for 2024:

2024 (15,90 % + deflator 3,7 %): 2 224 310⁷

Dette må sjåast på som eit ekstra nedtrekk utover den ordinære ramma som er tildelt.

⁷ For 2023 skal det trekkast ut Suldal sin deltaking i selskapet fram til 1.6.2023.

Vedlegg 2 – revidert budsjett

ØKONOMISKE OVERSIKTER		BUDSJETT 2023			
LØNNSUTGIFTER	REGNSKAP 2022	FEIING	BRANN	Grad av låst kostnad	Kommentar
101000 Fast lønn, heltid	27 796 284	7 648 197	21 689 375	0	
101020 Faste vakter etter vaktliste	12 389 289		11 372 714	0	
101030:101040 Avtalefestede tillegg	12 528 098	36 000	10 045 662	0	
101043 Heliggdagstillegg i følge turnus	-1 312			0	
101050 Skattepliktig Km-godtgjersle	36 180		44 800	0	
102000 Lønn vikar	1 168 600		1 024 278	1	kostnad ved sjukdom (vakter)
103000 Lønn til ekstrahjelp	2 743 024		1 600 000	5	vert påverka av aktivitet i selskapet++
103010 Engasjementer	978 749			5	vert påverka av aktivitet i selskapet++
104000 Overtid (inkl utrykninger)	8 077 118		7 079 594	2	utrykningar + aktivitet i selskapet++
105010 Honorar	264 000	64 211	363 862	0	
105015 Trekkpliktige stipend	320 000			5	kursaktivitet
105025 Tappt arbeidsforteneste	76 384		66 951	4	vert påverka av aktivitet i selskapet++
105062 Kjøregodtgjersle - trekkpliktig	44 400		38 917	1	
105063 Diettgodtgjersle - trekkpliktig	9 343		8 189	1	
105090 Annen løn og godtgjering	339 941		297 958	1	
105093 Telefongodtgjersle	149 908		130 000	0	
105094 Motpost fordel fri telefon	-149 908		-130 000	0	
108002 Møtegodtgjersle	140 000			0	
116000:116010 Utgifter, diett, bil m.v.	394 386	104 841	225 000	1	
109000 Arbeidsgivers andel KLP	6 304 199	1 074 251	6 210 601	1	vert påverka av tal over
109040 Gruppelivforsikring	241 515	97 903	293 709	1	vert påverka av tal over
109900:109908 Arbeidsg.avg- + aga av fp.	9 992 950	1 248 745	6 922 704	1	vert påverka av tal over
SUM LØNNSUTGIFTER	83 843 149	10 274 148	67 284 315		
INNTEKTER:	REGNSKAP 2022	FEIING	BRANN	Grad av låst kostnad	Kommentar
162000 Salg varer/tjen utenfor avg.omr.	-5 767 158		-6 460 903	1	Vurdere sal av tenester
162051 Purregebyr	-2 030		-2 000	0	
164000 Avgiftspliktig gebyrer	-13 820 394	-13 884 144	0	0	
171000 - 171001 Sjukelønsrefusjon/fødselpenger	-935 261	-320 000	-899 244	0	

172900 Refusjon moms påløpt i driftsrekneskapen	-5 764 915		-5 765 028	0
177000 Refusjon fra andre (private)	-1 500		-1 500	0
185000 Overføring frå kommunar	-93 045 154		-84 318 616	0
189000 Overføringer fra andre (private)	-49 383		-49 000	1
SUM INNTEKTER	-119 385 794	-14 204 144	-97 496 292	

DRIFT:	REGNSKAP 2022	FEIING	BRANN	Grad av låst kostnad
110000 - 110010 Kontormateriell/Kopiering/trykking/toner	28 812	15 726	62 852	1
110030 Abonnement/tidsskrift/kjøp av bøker	31 360			1
110050 It forbruksmaterieill	7 578			0
110500 Undervisningsmaterieill	7 800			0
111000 Medisinsk forbruksmaterieill	4 676			0
111510 - 111550 Matvarer/bevertning mm	411 627	68 263	319 727	4
112000 - 112095 Anna forbruksmaterieill/råvarer og tenester *	1 725 167	455 009	1 108 661	1
113000 - 113080 Post, banktenester, telefon,internett, bredbånd	551 893	111 131	288 953	0
114000 - 114010 Annonse, reklame, informasjon	16 759	94 357		1
115000 - 115003 Opplæring,kurs(ikkje er oppgåvepliktig)	1 890 699	252 854	683 061	4
117000 Transportutg./drift av egne og leide transportmidl	3 236 772	435 089	2 412 311	1
118000 Straum	235 182	38 825	201 208	0
118500 - 118550 Forsikringar, og utg. til vakthald og sikring	207 600	99 599	140 000	0
119000 Leige av lokale og grunn	7 556 293	1 524 712	5 567 814	0
119500 - 119570 Avgifter, gebyr, lisensar o.l.	3 757 790	412 309	3 020 813	0
120000 Kjøp og finansiell leasing av driftsmidler	607 888	89 115	403 469	1
120010 - 122040 Programvare/mediautstyr/IT-utstyr/pc/leie av kontormaskiner	1 234 157	828 242	436 995	4
124000 - 124060 Serviceavtaler, reparasjoner og vaktmestertjeneste	78 823		70 585	0
125000 Materialer til vedlikehald og påkostninger	3 744			0
126000 Reinhalts- og vaskeritenester	163 931	43 872	135 223	0
127000 - 127040 Andre tjenester (som inngår i egenprod)	1 870 224	777 682	735 346	2
135000 - 137500 Kjøp frå kommunar og private	9 584 194		6 171 102	1
142900 Moms generell kompensasjonsordning			5 765 028	0
159000 Avskrivninger		25 472	0	0
190040 Renteinntekter bank	-169 915		-130 000	0

150000 Renteutgifter, provisjoner og andre finansutg.	15 307		15 307	0
150040 Påløpte renter på lån	460 053		960 150	1
151000 Avdrag lån	1 524 044		1 843 371	1
199000 Motkto avskrivninger		-25 472	0	0
157000 Overføring til investeringsrekneskapen	3 576 790	60 786	2 827 061	0
195000 Bruk av bundne fond	-543 453	-1 377 572		5
154000 Avsetjing til disposisjonsfond	0		2 803 521	5
194000 Bruk av disposisjonsfond			0	5
SUM DRIFTSUTGIFTER	38 075 796	3 929 996	35 842 558	
32 Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)	2 533 150	0	5 630 582	

Hvis lånerammen for 2023 endres vil ikke lån belastes drift	-2 827 061
En forusettning er å få bruke avsetning	-2 803 521
Sum	0

Vedlegg 3 – søknad om bruk av avsette midlar

I budsjettvedtak av 23.11.2022, er det i punkt 2 følgjande vilkår:

- 3. I budsjettforslaget gjøres det følgjande endringer: Utgifter som er økt fra opprinnelig sak til budsjett og økonomiplan til korrigert sak reverseres med total effekt på 2 803 521 kroner. Tilsvarende midler settes i stedet av i budsjettet som en reserve for uforutsette kostnader, jf. saksfremlegg. Eventuell bruk av denne reserven skal legges frem for vedtak i representantskapet.*

2 803 521 var opprinneleg avdrag og renter på dei låneplikter som selskapet har opparbeida seg. Denne kostnaden vart ikkje med i summeringa i første utkast til budsjett, men feilen vart avdekka før saka vart teke opp i representantskapet og ei revidert budsjettsak vart sendt representantskapet før sakshandsaminga starta.

Kostnaden for avdrag og renter vart likevel stroke og 2 803 521 skulle dermed dekkast gjennom nedtrekk av driftsbudsjettet. Dette er gjort i revidert budsjett.

Denne situasjonen er krevjande i all den tid det er fleire andre nedtrekk og det er ikkje handlingsrom til å gjennomføre ein drift av HBR på eit minimumsnivå utan at denne reserven vert gjort tilgjengeleg for selskapet.

Me ber derfor om å få disponere reserven til dekning av følgjande kostnadar:

- Økning i godtgjøring deltidspersonell i beredskap uten vaktordning estimert til kr 1 300 000
- Deler av økt deflatorvekst 2022 som ikke ligger i budsjett 2022, kr 1 503 521

Vert ikkje dette mogleg, vil me vurdere følgjande tiltak ut 2023:

- permisjonar av faste stillingar fram til 1.1.2024
- midlertidig avvikling av 1-2 deltidsstasjonar fram til 1.1.2024.


Budsjettprosessen for 2024 er avgjerande for vidare permanente tiltak.

Vedlegg 4 – Overtid i HBR

Kilde: 1. rekneskap 2022
GAT lønssystem



Total overtid

Overtid utr. ekskl. sos utg	
Utrykningar	6 754 021
Faste stillinger	660 412
Totalt	7 414 433




Overtid faste stillingar⁸

Funksjon	Kostnad	Andel utrykning	Andel arbeid
Brannsjef	-	-	-
Avd.leder	278 593	153 226	125 367
Områdeleder	317 240	174 482	142 758
Heltid	636 162	349 889	286 273
Feiing	22 493	-	22 493
Samfunn	83 521	-	83 521
Sum	1 338 009	677 597	660 412



⁸ Utrykningar vs arbeid (øvingar, møter m.m.) for faste stillingar kjem ikkje fram av koder i Gat. Det er manuelt gått inn og sett på OW der fordelinga er 55 % utrykningar og 45 % arbeid. Dette fordelinga er brukt på alle tilsette i beredskap.

Overtid per person - ekskl. utr.



NOK 660 412,- i overtid har fordelinga som er vist over. De 8 funksjonane med høgast overtidsutbetalingar er dei som kan knytast opp mot beredskap (øvingar og møter med mannskap).